

# Språknytt



Kari bisp side 6





Leder

## Språkprosjektet som sette spor

I år er det 100 år sidan tilnærminga mellom dei to norske målformene for alvor starta, med rettskrivingsreforma av 1917. I den nasjonale bølga som prega landet den gongen, låg mykje til rette for at Noreg skulle få eit fellesnorsk skriftspråk. Både i riksmålsrørsla og blant målfolk var det mange som var positivt innstilte til å møtast «på midten». Men slik kom det ikkje til å gå.

1917-reforma la opp til ei forsiktig og gradvis tilnærming mellom målformene. Som de kan lesa om i dette bladet, står ho i ettertida fram som ei på mange måtar svært vellukka reform. Folket tok imot mange av dei lite radikale endringane med opne armar. Når det gjeld dei meir radikale forandringane, var saka ei anna. Då desse vart obligatoriske med 1938-reforma, vart motstanden større enn ein trudde.

Det er fleire grunnar til at samnorskprosjektet kollapsa enn 1938-reforma i seg sjølv. Likevel kan me læra for ettertida at grunnleggande og små rettskrivingsendringar blir tekne betre imot enn store og radikale. I så måte er 1917-reforma eit godt føredøme.

Trass i at samnorsken aldri vart noko av, har tilnæringslina og forsøka på å meisla ut eit samnorsk skriftspråk sett djupe spor i både det norske språket og den norske språksituasjonen. Dei spora lever me med, anten me liker det eller ikkje.

Åse Wetås  
direktør i Språkrådet

## Innhold 4 | 2017

- 3 Nye navn i nye kommuner
- 5 Språkbrukeren
- 6 Intervjuet



- 10 Ord i grenseland
- 12 Ordbøkene rett i lomma
- 13 Revisjon av ordbøkene
- 14 En verden av klarspråk til Norge
- 15 Djuptloddande prisvinnar
- 16 Løype!
- 17 Med andre ord
- 18 Reformen som satte spor
- 22 Intervjuer med Torp, Guttu, Hoel og Munkvold



- 29 Suksessreformen

- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Leserspørsmål
- 36 Historia bak



TRANØY  
+ LENVIK  
+ TORSKEN  
+ BERG  
= **SENJA**

LEKSVIK  
+ RISSA  
= **INDRE FOSEN**

ULLENSVANG  
+ KINSARVIK  
+ EIDFJORD  
+ JONDAL  
+ ODDA  
= **ULLENSVANG**

NØTTERØY + TJØME  
= **FÆRDER**

# Nye navn i nye kommuner

De neste to åra skal 121 norske kommuner slåss sammen til 47. De nye kommunene skal sjølsagt ha et navn, og det kan gjerne fastsettes i samråd med Språkrådet.

AV DANIEL GUSFRE IMS

**BAKGRUNNEN FOR VALG** av kommune-  
navn finner vi til dels i regler og føringer, men  
også i navnetradisjonen. Det har ført til at nye  
kommuner har fått navn som *Tønsberg*, *Senja*  
og *Indre Fosen*, og til at forslag som *Sunnmøre*  
og *Aasen* ikke har fått gjennomslag.

## Regler for kommunenavn

Etter kommuneloven skal en endring i et  
kommunenavn avgjøres av Kongen, i praksis  
av Kommunal- og moderniseringsdeparte-  
mentet. Dessuten «skal uttalelse innhentes fra  
den eller de berørte kommuner», det vil si at  
kommunene sjøl gjør et navnevedtak før det

blir sendt til departementet.

Kommunenavn er språklige kulturmin-  
ner på linje med andre stedsnavn, og i steds-  
navnloven er hovedprinsippet «å ta vare på  
stadnamn som språklege kulturminne». Når  
kommunene vedtar et navn som ikke er kom-  
munenavn i dag, eller er uenige om navneval-  
get, skal de innhente en uttalelse fra Språkrå-  
det, som gir konkrete råd og svar.

Når kommuner slår seg sammen, blir  
prinsippet om å ta vare på stedsnavn utfor-  
dra, for ett eller flere av navna vil åpenbart bli  
borte. Prinsippet kan likevel følges på ulike  
måter. ►

## Eksisterende kommunenavn

Det vanligste er at ett av de eksisterende kommunenavnene blir brukt videre som felles navn, særlig når bykommuner slås sammen med omkringliggende kommuner. *Tønsberg* var navnet etter sammenslåinga med Sem i 1988 og vil fremdeles være det når Re blir med i 2020. Tilsvarende består kjente bynavn som *Trondheim* (slått sammen med Klæbu) og *Kristiansand* (med Songdalen og Søgne).

Denne løsningen kan også velges for landkommuner. Et eksempel er Ullensvang og Kinsarvik (og Eidfjord), som slo seg sammen i 1964 og fikk navnet *Ullensvang*. I 2020 blir Ullensvang videre slått sammen med Jondal og Odda, fortsatt med *Ullensvang* som felles navn, sjøl om Odda er bykommunen.

## Et annet stedsnavn

I noen tilfeller kan det være ønskelig med et nøytralt navn. Et godt eksempel er det tradisjonelle inndelingsnavnet *Ringerike*, som blei valgt da Buskerud-kommunene Hole, Tyrstrand, Hønefoss, Norderhov og Ådal slo seg sammen i 1964.

De siste åra har mange områdenavn vært vurdert, gjerne med flere kommuner enn det som blei resultatet. Ei stund var det drøftinger om en storkommune med *Sunnmøre* som navnekandidat. Sjøl om slike områdenavn er kjente og tradisjonsrike, har Språkrådet rådd ifra å bruke dem som kommunenavn dersom størstedelen av det aktuelle området ikke er med i sammenslåinga. I sammenslåinga med Ålesund var det til slutt med fire andre kommuner, Sandøy, Skodje, Ørskog og Haram, som sjøl valgte navnet *Ålesund*. Det kan også være aktuelt å bruke et tilleggsnavn, som avgrenser området, jamfør *Indre Fosen* (Leksvik og Rissa).

Naturnavn vil i mange tilfeller være gode kandidater. Os og Fusa har for eksempel valgt navnet *Bjørnafjorden*, som er en sentral del av den nye kommunen, og Fræna og Eide har valgt *Hustadvika*, begge med tilslutning

fra Språkrådet. Tilsvarende er det med *Senja* som nytt navn for Tranøy, Lenvik, Torsken og Berg; *Senja* er både navn på øya der de fire kommunene ligger (Lenvik også på fastlandet), og tidligere inndelingsnavn for området.

Det er også eksempler på at mindre sentrale stedsnavn blir valgt som nytt kommunenavn, jamfør *Færder*, som i 2018 blir nytt kommunenavn for Nøtterøy og Tjøme, og *Heim*, som er vedtatt som navn for Hemne, Halså og en del av Snillfjord. I begge tilfellene har Språkrådet tilrådd å velge et eksisterende kommunenavn, samtidig som vi mener at de valgte navna kan brukes.

## Helt nye stedsnavn

I det norske navnelandskapet er det ikke mange eksempler på at kommuner er direkte oppkalt etter en person. I den pågående kommunereformen er det heller ingen kommuner som har gjort vedtak om slike personoppkallinger, men på et tidligere stadium var *Aasen*, etter Ivar Aasen, foreslått som navn på Ørsta og Volda. En kan spørre seg om et slikt brudd på navnetradisjonen ville ha vært etter Aasens hjerte.


Et annet sted på Sunnmøre har kommunene Stordal og Norddal vedtatt å kalle seg *Fjord*. Dette er ikke et eksisterende navn i noen av kommunene, og Språkrådet har tilrådd å velge et annet navn.

## Det går seg til

Da Borre og Horten slo seg sammen i 1988, blei *Borre* valgt som navn. Det skapte så mye strid at det kom et eget parti med navneendring som viktigste sak. Etter ei folkeavstemming blei navnet i 2002 endra til *Horten*. Dette eksempelet er likevel et unntak. Som regel går det seg til, også der det har vært navnestrid.

---

Daniel Gusfre Ims er seksjonssjef i Språkrådet.



# Jeg nekter også

*Jeg festa et sykkelnav til gelenderet med stengene til skjermen klemt hardt rundt stanga, det het et vadbein, ei sånn innretning, og som oftest var den festa til ripa på fiskebåter og kunne vel kjøpes i butikken for penger om du ville, men dette var et hjemmelagd patent.*

**SÅNN GIR PER PETTERSON** stemme til Jim i romanen *Jeg nekter* fra 2012. Romantittelen egner seg også som beskrivelse av språket til Petterson. Han nekter nemlig å følge strømmen av forfattere som skriver såkalt moderat bokmål. I stedet bruker han et bokmål så fullt av a-endinger, hunkjønnsartikler og diftonger at mange syns språket hans er best egna til å beskrive nettopp reale arbeiderklasse-mannfolk med praktisk sans og hjemmelagd fiskeutstyr. Eller folk med en forkjærlighet for fagforeningsarbeid og førstemaitog.

Petterson bruker altså et bokmål mange opplever som sosialt og ideologisk befengt. Det er «folkelig» og «radikalt», og, ifølge mange, derfor uegna som formelt kommunikasjonsmiddel. For språket bør være et nøytralt verktøy, en usynlig tjener for innholdet, og folkelig er det motsatte av formelt.

Hva skjer så når en tar dette befengte bokmålet inn i academia? Der saken, ikke formen, skal stå i fokus, og folkelighet er fy-fy? Jo, det blir litt haraball.

Jeg nekter nemlig også. Jeg skriver «nekt» framfor «nektet», «uegna» framfor «uegnet», «forskninga» framfor «forskningen» og «framfor» framfor «fremfor». Det fikk et vitenskapelig tidsskrift til å reagere. De stussa over at jeg skreiv som jeg gjorde, «da dette er noe en vanligvis ikke ser i akademiske tekster», og de lurte på om det i det hele tatt var lov å skrive sånn.

I ei blanding av indignasjon («Makan! Kommer de her og pirker på språket mitt?»), fasinasjon («Jøss! Er de så ublu at de helt eksplisitt påpeker og spør om dette?») og fryd («Hurra! Endelig ei anledning til å skrive om dette temaet som har engasjert meg så lenge og så mye!») skreiv jeg en kronikk. Da den ble delt på Facebook, fikk det kommentarfeltet til å koke og konservatismen til å blomstre. Estetik og politikk var gjengangere: «A-endinger er stygt» og «Vi kan ikke ha den slags AKP-språk i academia».

Litt vondt er det å høre at en skriver som en full sjømann (som én kommenterte), men jeg ser fortsatt ingen grunn til å konvertere til et mer moderat bokmål. Jeg syns ikke folkelig er det motsatte av akademisk, og jeg opplever ikke at formen står i veien for saken, heller ikke i dette tilfellet, hvor formen *var* saken.

Tvert imot er jeg overbevist om at saken tjener på å bli formidla i en form skriveren føler seg hjemme i. Derfor akter jeg å fortsette å nekte.



«Kva for eit gudsbilete er det  
om ein ikkje kan snakka til Gud  
slik ein snakkar på kjøkenet?»

# Med halsen fri

Ho kjempar for at røystene som har måtta teia, skal verta hørde. Og ho synest du skal verta betre kjend med Vastji og Abisjag. Kari Veiteberg er ny biskop i Oslo.

TEKST LARS IVAR NORDAL | FOTO SIGNE FUGLESTEG LUKSENGARD

– **DET ER IKKJE EIT HEILT** vanleg val når ein skal finna ny biskop. Det er bispedømmerådet som set seg ned og kjem med framlegg til namn, og så ringjer dei rundt. Etter at eg tok doktorgraden i 2006, har eg vorte oppringd ved dei fleste bispevala. Og denne gongen takka eg ja til å verta kandidat. Det gjorde eg fordi eg veit at eg er kvalifisert og skikka, og fordi eg trur eg kan gjera ein god jobb. Og så vart det meg.

Kari Veiteberg snakkar til deg i augehøg. Ho ikjøtar den nye folkekyrkja: kvinne, radikal, tilhengjar av likekjønna ekteskap. Kyrkja skal vera ein stad der folk ikkje må krypa ut att etter å ha høyrte Guds ord, som ho sjølv seier.

– Kyrkja er her for å gjera menneskelivet leveleg. Ho skal vera eit rom som tek deg imot, både i glede og sorg.

Stor takhøg er ho van med frå arbeidet som prest i Kirkens bymisjon. I den jobben møter ho fattige tilreisande, innvandarkvinner og prostituerte. Blant andre.

– Kvar fredag møtest dei som ønskjer det, på kroa i Tøyenkyrkja for å lesa bibeltekstar saman. Me samlast rundt eit bord og les eitt og

eitt vers høgt for kvarandre, før me er stille i eitt minutt. Så prøver me å skjøna kva som står der. Ikkje «liker eg det eller ikkje», men «kva dreier dette seg om». Då oppdagar me fascinerande ting saman. Ei slik langsam lesing av Bibelen er svært verdfull for meg.

*Kvifor det?*

– Eg møter få som er likesæle til den boka. Veldig mange har fått henne formidla gjennom andre, nokre har fått sår frå henne, andre har høyrte ting frå henne som ikkje har sett fri. Mange veit ikkje kor mangfaldig ho er. Så me prøver å opna Bibelen på nytt og gå inn i forteljinga med eit ope sinn. Då oppdagar me ofte heilt nye ting.

**Kvinnene fram i lyset**

Etter kvart har Veiteberg fått mykje røynsle i å oppdaga bibeltekstane på nytt. På nittitalet bad Samlaget henne om å skriva ei bok om kvinner i Bibelen. Det opna augo hennar for historier som var ukjende for henne.

– Det eg hadde høyrte på søndagsskulen, viste seg å vera berre éin del av forteljinga. Ta ►

## «Når kyrkja berre snakkar om herre og far, formidlar ho Gud på ein skeiv og ubalansert måte.»

til dømes Maria Magdalena. Ho vert ofte framstilt som hore, med Maria, Jesu mor, i hin enden av skalaen. Men det var ingen som hadde sagt til meg at Maria Magdalena var den Jesus bad om å gå ut og forkynna. Ho var faktisk den aller første presten. Så eg skjønna at eg berre kjende ein liten flik av historia om desse kvinnene. Andre kvinner hadde eg ikkje høyrte om i det heile, slike som Vastji. Ho er den kulaste dama i Esters bok, skjønner du! Eller kva med Abisjag? Det er jo slik at dei fleste av oss som lever i dag, ikkje vil verta sette i bås. Det gjeld også kvinnene i Bibelen. Også dei fortener å verta presenterte som fullblods menneske.

– Noko anna som har vorte teia om, er dei mange historiene om vald og overgrep i Bibelen. Heller ikkje dei høyrde eg noko særleg om i oppveksten. I arbeidet mitt som prest har eg lært at det å lata som om slike forteljingar ikkje finst, gjer vondt verre for dei som er råka av vald. Eg har møtt mange menneske som har sagt at det dei las om i Bibelen, det eit menneske i Bibelen erfarte, det har dei òg erfart. For meg er Bibelen ei slik erfaringsbok. Og når me les om vald mot kvinner der, går me inn med eit medvit om at dette finst, men at det aldri må skje igjen.

### Kjønn og kristendom

Dei bibelske kvinnene fortener altså meir merksemd, ifølgje Veiteberg. Men kvifor er det egentleg så mykje snakk om kjønn i Bibelen?

– Eg trur mannglege ord som Faderen, Sonen og Herren står sterkt fordi det er herrane som har forvalta teksten. I tillegg vart bønepspråket i liturgien og mange av salmane våre skrivne då monarkiet stod sterkt i Vesten. Difor var kongemetaforikken viktig. Men etter

at prestestudiet vart opna for kvinner, og etter at me oppdaga at barn har eit menneskeverd i seg sjølv, har me nok oppdaga parallelle forteljingar og bilete som ikkje har vore like godt kjende. Så det er eigentleg ikkje noko nytt når nokon seier at Gud kan vera like mykje kvinne som mann.

*Men går ein i kyrkja, er det like fullt mykje prat om Faderen, Sonen og Herren.*

– Ja. Men det *må* ikkje vera slik. Somme formuleringar har me vorte samde om på tvers av dei store verdskyrkjene, så dei står fast. Men i andre gudetiltalar er det viktig for meg at me formidlar eit gudsbilete som også dei i kyrkjebenken kan kjenna seg att i. Når det er sagt, kan det vera like klamt for meg å verta samanlikna med ei mor som med ein far. Det viktige for meg er at både gutar og jenter oppdagar at dei er skapte i Guds bilete. Når kyrkja berre snakkar om herre og far, formidlar ho Gud på ein skeiv og ubalansert måte.

### Språket må følgja med

Kari Veiteberg er ikkje framand for å stilla spørsmål ved gamle vanar og stivna tradisjonar i kyrkja. Det gjeld òg for bibelspråket.

– Somme kristne seier at Bibelen må vera på det språket Jesus snakka, og med det meiner dei 1933-omsetjinga til norsk, humrar Veiteberg. – Eg meiner det er viktig at me som fagfolk heile tida held oss oppdaterte. Dei eldre bibelutgåvene var omsette frå latin. I dag held ikkje dette, ein må omsetja frå originalspråket, som er hebraisk og gresk. Dessutan har det skjedd mykje i bibelforskinga det siste hundreåret, ein har funne stadig nye skriferullar, slik som daudehavsrullane. Det påverkar



bibelomsetjingane, og særleg 2012-omsetjinga er svært godt fundamentert i forskinga.

*Men nokre synest det verkar framandt når velkjende tekstar vert endra?*

– Det skal me ha respekt for. Når eg les for min gamle far på aldersheimen, bruker eg ikkje den nyaste bibelomsetjinga eller den siste versjonen av fadervår. For i slike situasjonar handlar det om å få i gang hjartespåret, og då må ein kjenna seg att i teksten.

– Likevel meiner eg at me skal bruka dei nyaste omsetjingane i den norske høgmessa. Det synest eg folk fortener. Og me kan godt utfordra dei som «vil ha det slik det alltid har vore». I mange språkstrider har det vore slik. Då nynorsk Bibelen kom, var mange nynorskfolk skeptiske. Dei meinte at ein ikkje kunne snakka til Gud på same måte som ein snakka rundt kjøkenbordet. Men kva for eit gudsbilete er det om ein ikkje kan snakka til Gud slik ein snakkar på kjøkenet? Må eg då også kle meg på ein viss måte for å snakka med Gud?

*Vil det seia at det seremonielle og høgtidelege kyrkjespråket er eit blindspor?*

– Nei, men eg trur kunsten er å bruka vanlege ord på ein slik måte at det går frysningar nedetter ryggen på folk. Og blant dei katolske venene mine vert språket diskutert. Somme ønskjer å gå tilbake til latin som kyrkjespråk. Men eg stør dei katolikkane som er tilhengjarar av det andre vaticankonsilet. Der vart det fastsett at ein skulle få høyra messe på morsmålet sitt, og at presten skulle vera vend mot folket under nattverden. Så kan det henda at nokon ikkje kjenner like stor høgtid når språket vert meir kvardagsleg, men då må me teologar grunngje godt kvifor språket er slik det er.

### Lys og salt

Veiteberg er første kvinne i bispestolen i Oslo bispedømme. Då ho vart utnemnd, sa ho at ho skal vera *hyrding* for folket i byen, og at kyrkja skal vera *lys* og *salt* i lokalsamfunnet og i verda.

*Kan ein skjøna slikt språk om ein ikkje har lese Bibelen?*

– I ettertid skulle eg ønskt at eg hadde utdjupa akkurat det litt, men det kom no ein gong ut slik det gjorde.

*Men det høyrst fint ut.*

– Det gjer det. Me skal ikkje gje slepp på desse kyrkjeorda, og synest dei er unikt fine. Men det skumle er om eg berre seier eit ord som til dømes *nåde*, og så går eg. Då trur eg mange under førti spør seg sjølv: «Kva er dette?» Men om eg får fortelja om desse orda til dei som lurar, forklara kva *nåde* er, og kvifor det er viktig, trur eg orda kan openberra seg som dei skattane dei er.

– Ta eit ord som *frelse*. Eg er glad i frelse. Då Bibelen skulle setjast om, hadde dei ikkje eit høveleg ord for det greske *soterion*. Dei gjekk til norrønt *frjals*, som tyder 'fri hals'. Det handlar om å ta vekk eit reip som slaven hadde om halsen. I religion og spiritualitet er det viktig å ha eit ope sinn for slike ord og ikkje la dei stivna fast.

*Kva med dei negative orda, som synd og skam. Har dei ein plass i kyrkja?*

– Ja, det har dei verkeleg. Om ein ikkje skulle snakka om synd, helvete og skam, ville store delar av livserfaringa til folk falla bort. Det handlar om å ta menneskelivet på alvor. Så eg meiner at me bør snakka meir om både synd og skam. Og med tv-serien SKAM har det nok vorte lettare å snakka om skamma. Eg trur den serien har hjelpt oss til å sjå skilnaden mellom skam og skuld. Det er veldig viktig.

– Sjå berre på den milepælen det var då kyrkjemøtet for eitt år sidan vedtok vigsel-liturgi for likekjønna. Somme skeive hadde opplevd å måtta be om tilgjeving for at dei er slik dei er. Men ein skal ikkje tilgje noko som er ein heilt fin ting. Om du raudnar av noko, skal du heller ikkje måtta be om tilgjeving. Tvert imot. Den som skammar seg, skal verta velsigna. ●



Kjendisene Katrine Moholt, Sissel Kyrkjebø og Frithjof Wilborn fra «Allsang på grensen». Ord som *kjendis* og *allsang* har vi fra svensk. Foto: Jon Olav Nesvold / scanpix

# Ord i grenseland

Svenskene beriker oss ikke bare med billigvarer langs grensen, men også med *kule kjendiser*, *livate valgvaer* og andre ord og uttrykk.

AV ERLEND LØNNUM

**SVENSK SPRÅK HAR** forsynt norsk med en rekke svesismer gjennom tidene, fra *kondis* og *driks* til *blodtørstig* og *finurlig*. Noen lånord speiler typisk svenske forhold, som *knekkebrød*, *smørgås* og *strømming*, mens andre kommer fra den store verden via svensk, som *allsang* og *tenåring*.

## Ord på -is

En karakteristisk gruppe svenske innlån består av ord som slutter på *-is*: *Alkis*, *bestis*, *doldis*, *fjortis*, *frekkis*, *funkis*, *grovis*, *kjendis*, *kompis* og *kondis* står alle i norske ordbøker.

Suffikset *-is* kan stamme fra gammel svensk studentsjargong og har i så fall et slags opphav

i den latinske substantivendelsen *-is*, som vi finner i *canis* 'hund' og *finis* 'slutt'. I svensk brukes suffikset til å danne nye substantiver og adjektiver. Noen er kortformer, som *alkis* for 'alkoholiker' og *funkis* for 'funksjonalistisk stil', andre avledninger med hele grunnordet intakt, som *frekkis* (sv. *fräckis*) av 'frekk (historie)' og *kjendis* (sv. *kändis*) av 'kjent (person)'. Suffikset er også blitt produktivt i norsk slang, uavhengig av svensk; *tyggis* er et eksempel på det.

En god del ord med *-is*-endelse mangler i ordbøkene selv om de er vanlige i norsk dagligtale, for eksempel *godis* 'godteri' og *loppis* 'loppemarked'. Andre er mer særsvenske, blant annet adjektivene *bakis* 'bakfull', *bombis* 'bombesikker' og *skakis* 'oppskaket' og substantivene *dagis* 'barnehage', *fegis* 'feiging' og *skådis* 'skuespiller'.

### Flere kortord

Svenskene har gitt oss andre kortformer også: *Deppa* er et kortord for 'deprimert'. Den svenske forkortelsen *bif.* for *bifallen* 'bifalt' ligger til grunn for uttrykket *saken er biff*. *Moped* er en sammentrekning av *motor* og *pedal* og er også lånt inn i engelsk. Og det populære kortordet *el* for 'elektrisitet, elektrisk', som brukes særlig i sammensetninger som *elgitar* og *el-sykkel*, stammer fra Sverige.

Et mer kuriøst eksempel er *kokkelimonke* 'hemmelig avtalt spill', som er basert på det

svenske slangordet *kuckelimuck* 'intrigespill' og muligens har *-nk-* fra engelsk *monkey-business* 'lureri'. Og *knark*, som før var et ord for 'sup som river i halsen' på svensk, fikk i etterkrigstiden en ny betydning under innflytelse av *narkotika*.

### Transittord

Norsk har fått flere ord fra engelsk gjennom svensk: Engelsk *community singing* ble til *allsang* først i svensk og så i norsk, engelsk *teen-ager* ble til svensk *tonåring* og norsk *tenåring*, og *digge* stammer muligens fra amerikansk slang *dig* 'like' (egentlig 'grave').

Fra andre språk har svensk og deretter norsk fått *hallik* (sv. *hallick*), fra tysk *Halunke* 'slubbert', *kei/kjei* (sv. *tjej*), fra romani 'datter', og *primus* (jf. sv. *primuskök*), fra latin *primus* 'først'. Og *tur* i betydningen 'flaks' har funnet veien til norsk via svensk fra fransk (*bon*) *tour* '(god) vending'. Turen kan ha gått i flaksens fotspor, for *flaks* skal også ha krysset grensen fra Sverige.

### Faste vendinger

Svenskene har ikke skjenket oss bare enkeltord, men også en god del fraser, så «heng med i svingene», for her skal vi «holde lekestue» før vi «klapper sammen»: Hvis vi «i fortsettelsen» «er i støtet» «med ny giv» og «på sikt» «har noe på gang», har vi svenskeuttrykk «i lange baner». Og med det «er saken biff».

## SVENSKER ORD I NORSK Utvalg fra *Bokmålsordboka*

brassespark | driks | elskling | forbasket | foretak | fåtall | grunker  
heidundrende | helleristning | jamføre | kinkig | knøl | krypinn | pamp  
pyton | sabla | slant | spane | tafatt | versting

# Ordbøkene rett i lomma

Den nye ordbokappen til Språkrådet og Universitetet i Bergen har allerede blitt meget populær.

Appen *Ordbøkene* inneholder *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, som viser offisiell rettskriving for de to målformene. Nettversjonen av ordbøkene har lenge vært fritt tilgjengelig, og bare hittil i år er det gjort mer enn 27 millioner søk i dem. Gratisappen er allerede lastet ned over 28 000 ganger på verdensbasis.

## Modernisering

Ordbokappen er et resultat av samarbeidet mellom Universitetet i Bergen og Språkrådet, som siden 2016 sammen har eid og hatt ansvar for å videreutvikle *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

– Utvikling av appen har vært viktig for å modernisere ordbøkene og gjøre dem mer tilgjengelige. Nå starter arbeidet med en mer grunnleggende modernisering for å gjøre dette til en framtidig digital infrastruktur for forskning på og forvaltning av det norske språket, sier IT-direktør Tore Burheim ved Universitetet i Bergen.

## Mer brukervennlig

*Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er de viktigste offisielle kildene til vanlige norske ords skrivemåte og betydning. Ordbøkene blir løpende oppdatert med gjeldende rettskriving.

– Det er viktig at informasjon om god og korrekt norsk er lett tilgjengelig for alle. Derfor er det gledelig at ordbøkene våre nå også finnes i form av en brukervennlig app. Nå blir det lettere å formidle kunnskap om rettskriving og bøyning til brukere av skriftmålene våre i hele verden, sier direktør Åse Wetås i Språkrådet.



Nyttig Om ordbøkene Hjelp

Bokmålsordboka | Nynorskordboka Språkrådet 

revisjon Begge Bokmål Nynorsk Avansert søk

**Bokmålsordboka**

**Oppslagsord Ordbokartikkel**

revisjon **revisjon** m1 (fra latin; se *revidere*) –  
 kontroll, ettersyn (og forbedring)  
 revisjon av et regnskap, en lov

**ta opp til revisjon** gi en ny vurdering

Resultat pr. side 5 ⬇ ✔

**Nynorskordboka**

**Oppslagsord Ordbokartikkel**

revisjon **revisjon** m1 (frå latin; sjå *revidere*) kontroll, kritisk ettersyn (og retting)  
 revisjon av ein rekneskap, ei lov

**ta opp til revisjon** gje (noko) ny omdømming

Resultat pr. side 5 ⬇ ✔

Universitetet i Bergen og Språkrådet © 2017  
E-post: ordbokene@uib.no

# Revisjon av ordbøkene

Regjeringen har foreslått å gi seks millioner kroner i 2018 til en etter- lengtet revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

– **UNIVERSITETET I BERGEN** og Språkrådet er svært glade for denne bevilgningen, som også føyer seg fint inn i arbeidet med språksamlingene. En revisjon vil komme hele landet til gode, spesielt alle skoleelever, sier rektor Dag Rune Olsen ved Universitetet i Bergen.

## Høy standard

Innholdet i ordbøkene er ikke blitt vesentlig endret siden de kom ut for mer enn 30 år siden, mens de leksikografiske metodene har utviklet seg voldsomt. Det er derfor på tide med en revisjon.

– Hovedformålet med revisjonen er å heve standarden på ordbøkene slik at de også i framtida skal være den viktigste kilden til den fullstendige normen for bokmål og nynorsk. De fremste oppgavene blir å revidere definisjonstekstene, samkjøre oppslagsordlistene i de to ordbøkene og ta inn nye oppslagsord,

sier direktør Åse Wetås i Språkrådet.

## Nye ord skal inn

Det er i dag forskjeller i utvalget av oppslagsord i de to ordbøkene. *Nynorskordboka* inneholder blant annet langt flere oppslagsord enn *Bokmålsordboka*. Noen ulikheter vil det bli også i framtida, men de umotiverte forskjellene skal bort i revisjonen.

Begge ordbøkene skal utvides med ord som er vanlige i nyere tekster, og med flere betydninger av noen ord som alt finnes i ordbøkene. Samtidig kan noen ord og betydninger som er blitt uvanlige, bli tatt ut.

Sensitive ord skal vurderes nøye. Det samme gjelder kjønnsmarkerte ord som er avløst av kjønnsnøytrale alternativer (som *fagmann* vs. *fagperson*). De skal ikke uten videre fjernes, men alternativene kan framheves, og brukseksemplene skal gjøres representative og tidsmessige.

# CLEAR COMMUNICATION – CLEAR RESULTS

Plain Language Association International  
Conference 2019 in Oslo, Norway



Foto: VISITOSLO / Thomas Johannessen

## En verden av klarspråk til Norge

Norge skal være vertskap for den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN i 2019.

**SPRÅKRÅDET OG DIREKTORATET** for forvaltning og IKT har fått det ærefulle oppdraget å arrangere organisasjonen PLAINs tolvte internasjonale klarspråkskonferanse i Oslo 25.–27. september 2019. Det blir en verdig tiårsmarkering av det systematiske arbeidet for et bedre og klarere forvaltningsspråk i Norge.

### Norge i tet

– Klarspråk er et internasjonalt fagfelt, og på forholdsvis kort tid har Norge blitt et foregangsland på dette feltet. Denne konferansen er en unik sjanse til å vise fram resultatene av alt arbeidet som er gjort i Norge, og hente ideer og kunnskap fra arbeid i andre land, sier direktør Åse Wetås i Språkrådet.

Plain Language Association International

(PLAIN) er en internasjonal klarspråksorganisasjon med medlemmer fra 25 land. Annet hvert år arrangeres en PLAIN-konferanse for å dele erfaringer om klarspraksarbeid på tvers av landegrensene.

### Anerkjennelse

Etter at det ble kjent at Norge fikk ansvaret for PLAIN 2019, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner at det er en anerkjennelse av det arbeidet Norge gjør.

– Klart og brukertilpasset språk effektiviserer forvaltningen og forenkler hverdagen for innbyggerne og næringslivet. Regjeringen har høye ambisjoner for klart språk i offentlig sektor. Klart språk handler om å vise respekt for innbyggerne, og det er viktig for at folk skal forstå sine rettigheter.

# Djuptloddande prisvinnar

Forfattar Alfred Fidjestøl er vinnar av Språkprisen 2017. Prisvinnaren syner stor breidde i temaval i bøkene sine, med kryssande kulturhistoriske trådar.

**ALFRED FIDJESTØL FEKK PRISEN** for bøkene *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013* (2013), *Frå Asker til Eden. Historia om Askerkretsen 1897–1924* (2014), *Eit eige rom. Norsk kulturråd 1965–2015* (2015) og *Nesten menneske. Biografien om Julius* (2017).

## Kreativ og letlesen

– Fidjestøl gir ei frimodig, humorfylt og samstundes kjeldekritisk, faktaspekka og språkleg kreativ framstilling av tunge institusjonar. Han har mellom anna demonstrert etisk balansert kjeldebruk, populærvitskapleg formidlingsevne og engasjert forteljarglede i sin perspektivrike biografi om kjendissjimpansen Julius, sa Toril Opsahl på vegner av språkprisjuryen.

«Prisvinnaren er ein djuptloddande formidlar», skriv juryen i grunngevinga. «Bøkene hans er tidvis tunge kolossar som skaper saltrygga bokhyller, men innhaldet er sjeldan tyngande, verken for lek eller lærd. Fidjestøl skriv innsiktsfullt og med snert om menneske, nesten-menneske og institusjonar som har forma kulturhistoria. Han nyttar gjerne den gode historia som berande prinsipp, men saksframstillinga vitnar alltid om kritisk handsaming av vidt og solid kjeldetilfang. Den same engasjerte og grundige innstillinga kjem til uttrykk i ordval og stil.»

Dei andre nominerte til årets språkpris var Åsa Elstad, Jon Hustad, Erna Osland og Morten Søberg.

## SPRÅKPRISEN

- Språkprisen er Språkrådets pris for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa.
- Prisen er på 100 000 kroner og blir delt ut annakvart år for bokmål og nynorsk.
- Juryen har bestått av Sverre Tusvik (leiar), Aina Basso, Toril Opsahl og Morten Strøksnes.



Alfred Fidjestøl takkar for prisen frå Språkrådet. Foto: Audun Braastad / NTB scanpix

# Løype!

Vi er på sporet av vinteridretten. AV ERLEND LØNNUM

En *løype* er så å si et skispor til etterfølgelse, og det er en god skikk å rope LØYPE før man setter utfor en bakke.

Det tilhørende verbet *å løype* betyr 'å få til å løpe, renne, gli', jamfør for eksempel *løypestreng* (nå også kalt *zipline*). Dette er igjen avledet av *å laupe*, gammelnorsk *hlaupa*. I noen dialekter heter det *å løype på ski* (fortid *løypte*), men de fleste steder er det tradisjonelle uttrykket *å renne*, jamfør *langrenn*, *skirenn* og *unnarenn*. En løype er med andre ord en slags renne.

## Bortoverski

I løypa går vi på *ski*. Ordet kommer av gammelnorsk *skíð* og er opprinnelig det samme kløyvde trevirket som vi finner i *vedskier*. Men skiene under føttene er ikke bare lengre, de er langt mer bøyelige, også språklig. Blant annet kan *skia* være både entall og flertall. Avvikende bøyning er ikke uvanlig ved ting som kommer i par. Nok om det. Norske ski har uansett satt spor i flere verdensspråk, blant annet engelsk (*ski*) og spansk (*esquí*).

## Nedoverski

Skiene under en kjelke kalles helst meier. *Kjelke*, norrønt *kjalcki*, er beslektet med (båt)*kjøl* og kan sies å være en liten slede. I akebanen finner vi *bobsleigh*, på engelsk også kalt *bobsled*. På norsk bruker vi ofte bare *bob*. Den opprinnelige betydningen av *bob* er uvisst, men 'kort' skal være en kandidat.

Følger vi løypa til alpinbakken, skifter den navn til *lâm*, som var et vanlig ord for løype i dialektene i gamle dager (det fantes flere, fra *ekkje* til *skifar*). *Sla* betyr 'hellende', og da blir *slâlâm* selvforklarende. Vi har lånt ordet bort til engelsk, der det heter *slalom*, og til andre språk, men vi bør klare å skrive det med den norske å-en. Ordet *alpin* kommer av latin *alpinus* og har med Alpene å gjøre.

## Skøyting

Vel nede kan vi våge oss over glattisen til skøytesporten. Skøytene har sklidd inn i språket vårt fra nederlandske *schaats* via engelske *skates*. Det samme gjelder *skeiser*, som har vært et vanlig ord i dialekter og nynorsk.

Takk for turen!



I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

# Fra start til slutt

Ved skolestart blir elever og foreldre flere steder i landet møtt av forkortelsen TIEY, som står for *Tidlig Innsats Early Years*. Dessverre er denne hybridbetegnelsen blitt det «norske» navnet på den australske undervisningsmodellen *Early Years Literacy Program*, som for drøyt ti år siden ble introdusert i Norge.

Modellens mål er tilpasset leseopplæring og mer veiledning til hvert enkelt barn. I begynnelsen ble modellen også kalt *veiledet lesing*. Det er kanskje ikke et like fengende navn som TIEY, men den ugjennomtrengelige forkortelsen er blitt mye kritisert. Med litt tidligere språkinnsats kunne den ha vært unngått.

En mer vellykket fornorsking er *hybrid læring* eller *blandet læring* om det engelske begrepet *Blended Learning*. Det vil si at man skaper variasjon i undervisningen ved å bruke lyd og bilde i flere formater: kviss, rollespill, chat, skype og alt av læringsverktøy som man kan sette en e- foran.

### Dropper ut av skolen

Rundt 4,5 prosent av norsk ungdom slutter før de har fullført skolegangen. På engelsk

kalles disse elevene *dropouts*. Verbfrasen å droppe ut har vi laget etter engelsk mal. Vi kunne kalt elevene *droppere*, siden *droppe ut* brukes om ungdom som faller fra underveis. Å droppe ut av skolen er noe annet enn å slutte. Å slutte betyr primært å avslutte / bli ferdig med skolegangen. Likevel er *sluttere* den mest brukte norske betegnelsen på dem som ikke fullfører skolen.

På 1990-tallet var *sluttere* de som stumpet røyken. De siste ti årene har ordet endret seg. Det betegner nå nesten utelukkende *skoleslutterne*.

I frafallsdebatten hevder mange at det ikke er elevenes feil når de velger å gi seg før siste eksamen; det er skoleverkets skyld at de slutter for tidlig. *Pushout*-elevene *skvises* eller *skubbes ut* av et system som svikter under vekten av feilslått politikk og manglende veiledning, hevdes det.

Så er det kanskje et tidsspørsmål når *sliterne*, *skulkerne* og *slutterne* får selskap av *de skviste* eller *utskviste* på innbytterbenken.

---

Gunnhild Wiggen, seniorrådgiver i Språkrådet





– Naa, hvor langt har dere kommet med revolutionen i Norge?  
– Foreløbig slaas vi om hvordan den skal staves.

# Reformen som satte spor

«Det kunne spart oss for ein del unødvendig krangel å ha berre éin måte å skrive norsk på.» ARNE TORP, SIDE 22

«Språklige endringer kan ikke skje fort og i strid med språkets rolige utviklingsgang.» TOR GUTTU, SIDE 24

«Endringane i 1917-reforma gjorde at fleire kunne kjenne seg heime i nynorsken.» ODDMUND LØKENSGARD HOEL, SIDE 26

«Samnorsken var eit stort mistak og har svekt det nynorske kollektivet.»  
SERGEJ ALEXANDER MUNKVOLD, SIDE 27

# 1917-rettskrivinga

## – forsøk på å krysse ei språksosial grense

I desse dagar er det 100 år sidan vi fekk den første rettskrivingsreforma som regulerte begge dei norske skriftmåla samtidig, og som tok sikte på å gjere skilnadene mellom dei mindre.

AV KNUT E. KARLSEN

**1917-REFORMA ER DEN FØRSTE** samnorskreforma. Rett nok hadde ein teke omsyn til det andre målet i standardiseringa av landsmålet i 1901 og dansk-norsken i 1907, men 1917-reforma var den første som gjaldt begge skriftmåla, som no blei kalla *landsmål* og *riksmål*.

### Tidlege spirer til samling

Etter 1907-reforma var det stor glede over at språket endeleg hadde brote med dansk skriftspråk. Samstundes blei det meir merksemd om at vi no hadde to ulike norske skriftspråk i landet, og dét blei i aukande grad oppfatta som eit problem. Det kom til dømes til syne i samband med bokinnkjøp i skulen, og fram mot 1917 blei utfordringane med to skriftspråk eit tema i samfunnsdebatten. Kunne ein bygge bru mellom måla utan å øydeleggje dei? I dag ser det ut til at svaret er nei. Men for hundre år sidan var det sterke krefter som kjempa for ei samansmelting av landsmål og riksmål, og som sette sterkt preg på arbeidet med 1917-reforma.

Folkeminnegranskaren Moltke Moe er blitt kalla samnorskpolitikkenes far fordi han

tidleg argumenterte for ei samnorskløysing på språkstriden. I artikkelen «Nationalitet og kultur» frå 1909 skreiv han at det ikkje er «spørsmål om et *enten – eller*, men om et *baade – og*. Det som skal til, det er *blod-blanding*, det er *sammenflyting*». Men samnorsktanken var ikkje ny, for både Knud Knudsen og Arne Garborg hadde fremja han på 1800-talet. Då tilnæringspolitikken for alvor tok form etter den første større reforma for dansk-norsk i 1907, var det lite diskusjon om at eitt skriftspråk var den beste løysinga på situasjonen.

### Danna daglegtale og folkemålsformer

Danna daglegtale hadde vore ei viktig rettesnor for 1907-reforma. 1917-rettskrivinga henta former frå folkemålet og tok fleire steg mot ein tenkt framtidig samnorsk. I mandatet departementet hadde gitt rettskrivingskomiteen, stod det at han skulle arbeide for den «størst mulige tilnærmedelse mellem vort lands to skriftsprog gjennem en sund, naturlig og lovmæssig utvikling av dem begge» (jf. *Indstilling fra Retskrivningskomiteen*, 1917). Resultatet blei at tradisjonelle former måtte ►



ofrast i begge leirar for å nå målet om språkleg einskap. Riksmålet måtte gjerast meir nasjonalt og demokratisk ved å ta inn former frå bymåla, mens landsmålet måtte moderniserast ved hjelp av meir utbreidde former frå bygdemåla, særleg austlandsformer, som hadde fått liten plass i Aasen-normalen.

Eit anna grep komiteen tok, var å tillate parallelle former i dei tilfella tradisjonsformene stod sterkt, eller der to konkurrerande former stod like sterkt. Slik kom 1917-rettskrivinga til å bestå av to delar: eit sett endringar som blei kalla obligatoriske, og eit anna sett endringar som blei kalla valfrie (i forhold til 1907-rettskrivinga for riksmål og 1901-rettskrivinga for landsmål). Språkhistorikarar har i ettertid omtalt dei obligatoriske endringane i riksmålet som *moderate*, fordi dei i stor grad svarte til danna daglegtale i byane, mens dei valfrie formene har fått merkelappen *radikale*, fordi dei ofte var i samsvar med folkemålsformer.

Ein del av endringane var reint ortografiske. Det vil seie at dei ikkje hadde så mykje med uttalen å gjere og derfor ikkje valda så store problem. Det gjaldt til dømes skrivemåten av framandord der endinga *-tion* skulle skrivast *-sjon* (som i *nasjon*) i begge målformene. I riksmålet blei bruken av *æ* regulert etter eit språkhistorisk system som innebar tilnærming til landsmålet: *dræpe* > *drepe*, *bælte* > *belte*, *djævel* > *djevel* osv. Andre ortografiske endringar var innføringa av *ll* og *nn* for *ld* og *nd* der det var i samsvar med norrønt og landsmålsformer, *kalde* > *kalle*, *mand* > *mann* osv., og gjennomføringa av dobbel konsonant i utlyd etter kort vokal, *tak* > *takk*, *top* > *topp*, *kjøn* > *kjønn* osv.

#### Valfridom

Dei nye formene som var del av dei valfrie endringane i 1917-rettskrivinga, var radikale på ein heilt annan måte, for dei hadde ei demografisk og sosial side. Det kom inn former

## «Det var sterke krefter som kjempa for ei samansmelting av landsmål og riksmål.»

og språktrekk som dominerte i dialektane. Dei tre viktigaste døma er bunden form eintal på *-a* i hokjønnsord (*sola, hytta*), *-a* i preteritum og partisipp av verb som *kasta*, diftongar i ord som *stein, laus, røik* (ved sida av *sten, løs, røk*) og ei rad ordformer som *bru, tru, dokke* (ved sida av *bro, tro, dukke*).

Med innføringa av dei valfrie endringane i riksmålet blei søkjelyset i språkstriden flytta frå det nasjonale (med vekt på fornorsking av dansk) til det sosiale. No skulle ikkje berre danna daglegtale vere rettesnora for normeringa av skriftspråket, men også folkemålet. Skulle det bli språkleg samling på lengre sikt, var dette eit naudsynt grep, men for konservative riksmålsfolk var denne innføringa av folkemålsformer ei vulgarisering av språket. Endringane blei møtte med skarp kritikk. I eit referat frå eit protestmøte i regi av Kristiania Rigsmaalsforening 23. mars 1918 karakteriserte ein av representantane utviklinga som «en oppløsning og forvirring i vort rigssprog, som representerer et virkelig kulturtab».

Korleis blei språknormalen motteken av språkbrukarane elles? Dei nye formene som hørde til dei obligatoriske endringane, blei innførte relativt raskt og var stort sett på plass i bøker og aviser rundt midten av 1920-åra. Annleis var det med formene som var del av dei valfrie endringane i riksmålet. Sett bort ifrå nokre få lærebøker fekk dei lite gjennomslag i skriftkulturen. Når det gjaldt landsmålet, var situasjonen ein annan. Her hadde dei valfrie endringane betre feste. A-formene og andre valfrie former blei tekne i bruk i skulen og skjønnlitteraturen slik at det utvikla seg to ulike straumar innanfor landsmålet, ein tra-

disjonell og éin reformorientert (ofte omtala som i-mål og a-mål etter bøyninga av sterke hokjønnsord, jf. *sol*i og *sola*).

### Frå 1917 til 2017

Tilnærminglinja i språkpolitikken blei ikkje offisielt oppheva før i 2002, men avviklinga byrja lenge før det. Etter 1959 har det ikkje vore fellesreformer for bokmål og nynorsk, og då Norsk språkråd i 1972 avløyste Norsk språknemnd, var målet mellom anna å dempe målstriden gjennom å tone ned tilnærmingspolitikken. Bokmålsreforma i 1981, som blei førebudd over lang tid, viste tydeleg korleis siktemålet var endra. Den gjeldande normeringspolitikken i dag byggjer på overordna prinsipp om stabilitet i rettskrivinga og at bokmål og nynorsk skal normerast på sjølvstendig grunnlag utan tilnærming som mål.

Ein annan viktig skilnad mellom dagens normeringsprinsipp og 1917-reforma er den svekte posisjonen talespråket har som rettesnor for skriftmålet. Etter dei gjeldande retningslinjene for normering av skriftspråka som Språkrådet vedtok i 2015, er det berre i normeringa av nynorsk at talemålsprinsippet til ein viss grad skal takast omsyn til, men også her står dette prinsippet svakt. Dersom ein strammar inn på punkt der det er talemålsvariasjon, bør den forma som har best talemålsgrunnlag, bli ståande, heiter det i retningslinjene. Samtidig er det gjort klart at bruksprinsippet går føre talemålsprinsippet slik at unormerte former som er lite brukte i skrift, ikkje skal takast inn i norma sjølv om dei har godt talemålsgrunnlag.

---

Knut E. Karlsen er seniorrådgjevar i Språkrådet.

# Samnorsk – språket som aldri vart

– Det hadde vore ein fordel med berre éin måte å skrive norsk på, seier Arne Torp i Landslaget for språklig samling. Han meiner samnorsken fekk ein pangstart med 1917-reforma, men vart knekt av eit nasjonalt stemningsskifte etter krigen.

AV ASTRID MARIE GROV

**RETTSKRIVINGSREFORMA I 1917** sette for alvor i gang prosjektet som kom til å prege den norske språkpolitikken i store delar av 1900-talet: tilnærminga mellom dei to norske målformene, som på sikt skulle gjere dei til eitt språk.

## – Eit godt kompromiss

Arne Torp er pensjonert professor i nordisk språkvitskap og nestleiar i Landslaget for språklig samling. Gjennom heile karrieren har han vore tiltrekt av samnorsktanken.

– Det kunne nok spart oss for ein del unødvendig krangel å ha berre éin måte å skrive norsk på. Slik sett meiner eg samnorsk, basert på talemålet til folk, er ein god idé.

Og ei tid låg mykje til rette for eit fellesnorsk skriftspråk her i landet. Torp peikar ut Knud Knudsen som den som fyrst formulerte samnorsktanken i skrift, alt i 1850. I ei tid der mange var samde om at Noreg trong eit eige skriftspråk, var det ulike meiningar om korleis det norske og det danske skulle balanserast. Mange tenkte at det var ein god idé å møtast på midten, og Torp meiner tilnærminga som kom med 1917-reforma, hadde lege i korta ei stund.

– Pussig nok var det mange i riksmålsrørsla som var positive til samnorsk, og generelt var det stemning for å ta opp fornorska former i riksmålet. No fanst det også dei som var svært kritiske, blant dei Knut Hamsun, men dei fekk ikkje så mykje støtte.

## Østlandsk reisning

Organisasjonen Østlandsk reisning var ein viktig pådrivar for 1917-reforma. Målet deira var å gje talemåla på Austlandet større plass i rettskrivinga, og Torp meiner det kan kallast ein samnorskorganisasjon.

– Organisasjonen hadde stor oppslutning frå fleire kantar, mellom anna frå Fridtjof Nansen. Han viste interesse for ei folkeleggjerjing av riksmålet gjennom nemningar som «Polhøgda», som han kalla heimen sin, og polarskuta «Fram».

## – Ei vellukka reform

Arne Torp nøler ikkje med å kalle 1917-reforma for ein suksess.

– Eg meiner det var ei veldig vellukka rettskrivingsreform, særleg for forandringane som vart gjort obligatoriske. Dei har sigra og lever den dag i dag, både på riksmåls- og landsmålsida. Døme er *fjell* for *feld* i riksmål og *brei* for *breid* på landsmål. Men dei mest radikale forandringane vart gjorde valfrie, og for dei er saka ei anna. Eit døme er *bru* for *bro* på riksmålssida. Dei fekk ein ikkje med seg store delar av folket på. Då ein i 1938 skulle ta samnorskprosjektet eit steg lenger ved å gjere mange av dei valfrie forandringane obligatoriske, gjekk ikkje det så bra.

## – Etter krigen var riksmålet norsk nok

Torp meiner det hovudsakleg var mobilisering på riksmålssida og manglande støtte frå arbeid-

«For samnorsken er slaget tapt, det må me innsjå.»

ARNE TORP

Foto: Alf Øksdal / NTB

darrørsla som knekte samnorsken. «Foreldreaksjonen mot samnorsk», starta i 1951, gjekk til kamp mot tilnæringspolitikken og samla inn nesten 400 000 underskrifter.

– Det var ei mobilisering me knapt har sett maken til her i landet. Forfattaren Arnulf Øverland, som var ein av dei som kjempa i front, var ein framifrå demagog og gjorde mykje for å latterleggjere samnorskprosjektet. Han uttala mellom anna at «Bokmål er ikke noget sprog, men en chikane».

Torp meiner også at aksjonane oppstod i ei tid då fornorskingsklimaet stod svakt.


– Den nasjonale argumentasjonen missa krafta si etter krigen. Dei storpolitiske hendingane overskygga språkstriden totalt, og motstandsheltane frå krigen hadde jamt over brukt riksmål. Slik vart argumentet om at riksmålet ikkje var norsk nok, ikkje gyldig lenger. Det bidrog til at Arbeidarpartiet, som

frå mellomkrigstida hadde rekna kampen for samnorsk som ein klassekamp, frå 1960-talet ikkje støtta prosjektet meir. Då var samnorskprosjektet i realiteten avslutta.

### Kjempar for endringar i bokmålet

Landslaget for språklig samling har òg gjeve opp tanken om eit fellesnorsk skriftspråk. No er målsetjinga helst å få fleire folkelege former i vanleg bruk i bokmålet.

– Me vil fyrst og fremst erstatte ein del av dei tradisjonelle riksmålsformene med former som står sterkt i store delar av norsk talemål. Då tenkjer eg særleg på såkalla a-former, ikkje minst i svake verb, som er fullt lovlege i bokmålet, men altfor lite brukte. Kvart år deler me mellom anna ut ein pris til forfattarar som brukar radikalt bokmål for å fremje den saka. Men for samnorsken er nok slaget tapt, det må me innsjå.

A portrait of an elderly man with white hair and a goatee, wearing a light blue button-down shirt. He is looking directly at the camera with a slight smile. The background is a dark teal color.

«Skriftspråk og talespråk er to forskjellige ting, det er ikke til å komme fra.»

TOR GUTTU

Foto: Språkrådet

## – Samnorsken var i strid med språkets natur

– Samnorskprosjektet var for radikalt og skulle aldri ha blitt satt i gang, sier riksmålsnestor Tor Guttu. Han mener noe av bokmålets styrke er at det i praktisk bruk har endret seg lite de siste hundre årene.

AV ASTRID MARIE GROV



**TOR GUTTU ER** førsteamanuensis emeritus i nordisk språkvitenskap og har vært aktiv i riksmålsbevegelsen i store deler av sitt virke, både i riksmålets eldste interesseorganisasjon Riksmålsforbundet og i Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Akademiet ble opprettet i 1953 som en reaksjon på tilnæringspolitikken. Det har siden den gang gitt ut egne rettskrivingsordlister og -bøker, som særlig i samnorskperioden har avveket sterkt fra den offisielle norske språkpolitikken.

### – Folk er språkkonservative

Guttu mener 1917-reformen var en god og dårlig rettskrivingsreform på samme tid. Han er svært kritisk til tilnæringspolitikken og sier den er i strid med språkets natur.

– Prosjektet var for radikalt og skulle aldri ha blitt satt i gang. Det største problemet med samnorsken var at den påbød ordformer som ikke har litterær tradisjon. Språklige endringer kan ikke skje fort og i strid med språkets rolige utviklingsgang. 1917-reformen kom for tidlig, bare ti år etter den forrige. Folk er språkkonservative, det vil si at når de først har lært seg en rettskriving i skoletiden, vil de gjerne holde på den.

Noen av endringene som kom med 1917-reformen, var etter Guttus syn riktige. Det gjelder de såkalte obligatoriske forandringene, som han mener har lagt grunnlaget for moderat bokmål slik vi kjenner det.

– Gjennom disse forandringene kan man si at riksmålet og det moderate bokmålet fant sin form i 1917-reformen. Grunnen til at det gikk så mye bedre med dem enn de valgfrie, er at de i hovedsak innebar grafiske forandringer og samsvarte med et standardisert talespråk.

### Et gode med en stabil brukstradisjon

Samnorskprosjektet falt sammen litt etter litt i siste halvdel av 1900-tallet. Guttu mener det ville ha skjedd også uten Foreldreaksjonen mot samnorsk, som ble dannet tidlig på 1950-tal-

let og fikk støtte av riksmålsbevegelsen. Den folkelige motstanden var stor allerede tidlig i mellomkrigstiden, mener han.

– Folkelig motstand spilte en rolle, særlig fra 1920-årene, da de radikale formene ble stemt ut av en del skolekretser. Folkets bevissthet om hva som er litteraturspråk og korrekt språk, er sterk, så motstanden mot en rask tilnærming mellom målformene har vært naturlig.

Ifølge Guttu handler noe av suksessen til bokmålet om at mange av formene fra samnorskperioden ikke har fått ordentlig fotfeste.

– Det er et gode at bokmålet har hatt en stabil brukstradisjon. For nynorskens del mener jeg at dialektmangfoldet har hatt for mye å si. Skal man lære et språk, må det jo være lærbart, man kan ikke ha fire-fem forskjellige former av ord. Forestillingen om at man skal være glad når man kjenner igjen former fra sin egen dialekt i en ordliste, er ganske sært etter min mening. Skriftspråk og talespråk er to forskjellige ting, det er ikke til å komme fra.

Den tidligere viseformannen i Riksmålsforbundet poengterer at han ikke er imot såkalte radikale former som stilistisk grep.

– Språksituasjonen i Norge er ikke slik at vi kan forlange ensartethet i skjønnlitteraturen. En forfatter som Per Petterson bruker radikale former stort sett bare i bøyningen, for eksempel a-endinger, og dem kjenner vi igjen fra sørøstnorske dialekter. Det skaper flyt i teksten. Da er det noe annet med samnorskforfatterne i mellomkrigstiden. De skrev ikke ut fra sitt eget øre, men ut fra hvordan de visste og ville at det burde være.

Tor Guttu er godt fornøyd med at samnorsken nå er et avsluttet kapittel.

– Det å ha bestemt seg for hvordan språket skal se ut, og endre rettskrivingen etter det, slik det ble gjort under tilnæringspolitikken, er ikke noen harmonisk måte å forandre språk på.

# – Samnorskprosjektet har ikkje svekt nynorsken nemneverdig

– Endringane i 1917-reforma gjorde at fleire kunne kjenne seg heime i nynorsken, seier historikar og målmann Oddmund Løkensgard Hoel. Han meiner samnorskprosjektet ikkje er hovudårsaka til at nynorsk er mindre brukt enn bokmål.

AV **ASTRID MARIE GROV**

**ODDMUND LØKENSGARD HOEL** var leiar i Noregs Mållag frå 1999 til 2002. Han er fyrsteamanuensis i historie ved Høgskulen på Vestlandet og har arbeidd mykje med norsk språkhistorie.

## Andre årsaker til tilbakegang

Det er ikkje grunn til å konkludere kategorisk med at tilnæringspolitikken har ført til mindre oppslutnad om nynorsken, meiner Hoel.

– Intern strid om samnorskpolitikken har i periodar hemma kampen for å få fleire til å skrive nynorsk og gjort målrørsla mindre slagkraftig. Men historisk er det fyrst og fremst ikkje-språklege faktorar som har ført til tilbakegang

for nynorsken, som flytting frå bygd til by.

Historikaren peikar på at landsmålet gjekk fram i mange skulekrinsar i kjølvatnet av 1917- og 1938-reforma.

– I perioden før 1945 var nynorsken i framgang. Mange stader var rettskrivingsreformene eit påskot til å gå over til nynorsk. Når dei likevel skulle skifte lærebøker i krinsen, var det mange som tok steget fullt ut og bytte opplæringsmål.

Hoel meiner at tilnæringsformene frå 1917-reforma gjorde at fleire kunne kjenne seg heime i nynorsken.

– Reforma møtte motstand i landsmålmiljø på Vestlandet, men stor støtte på Austlandet

«Dialektmangfaldet har vore ei utfordring for å lage ei nynorsk rettskriving.»

ODDMUND LØKENSGARD HOEL

og delvis i Trøndelag, der rettskrivingsendringane gjekk meir i favør av talemålet. Også leiande personar i «måleliten» i Oslo stødde reforma.

### Stor usemje

Det er ikkje tvil om at det var strid om samnorskpolitikken i nynorskmiljøet. Alt på slutten av 1800-talet delte nynorskleiren seg i fraksjonar som meinte at nynorsken skulle sjå annleis ut enn det Ivar Aasen hadde lagt opp til. Usemja mellom desse fraksjonane kunne likevel ikkje måle seg med usemja om dei meir radikale endringane som følgde av samnorskprosjektet.

– Striden hadde heilt andre dimensjonar enn det ein hadde sett tidlegare. Særleg på 1930-talet stod frontane steilt mot kvarandre, fortel Hoel.

Ifølge Hoel var 1917-reforma ei langt meir vellukka reform for nynorsken enn 1938-reforma, som la opp til at samnorsken for alvor skulle ut til folket.

– Sjølv om det var splitting i forkant av 1917-reforma, roa det seg raskt i tida etterpå. Årsaka er at tilnæringsformene ikkje var obligatoriske, men eit tilbod. I 1938 vart former folk var vande med å skrive, forbodne. Det førte til kjempereaksjonar både på landsmåls- og riksmålssida. Medan riksmå-

let gjennom samnorskperioden hadde ei privat rettskriving som alltid vart oppretthalden på sida av den offisielle, fanst det ikkje noko tilsvarande på nynorsksida. Så trass motstanden slo 1938-reforma meir igjennom i nynorsk enn i bokmål.

### Naturleg med delte meiningar

Samnorskprosjektet er historie, men debatten om valfrie former og om kor nær nynorsken skal leggjast opp til bokmålet, blussar opp frå tid til anna. Medan Ivar Aasen la opp til ei stram norm utan valfridom, har mange meint at eigen dialekt bør kunne speglast att i nynorsken.

– Tanken om at nynorsk skal vere ein måte å skrive dialekt på, har vore der sidan Aasen si tid. Då samnorskpolitikken kom, var det viktigaste argumentet i nynorskmiljøet at det gav høve til å skrive meir dialektnært. Dét var viktigare enn at staten ønskte samnorsk.

Oddmund Løkensgard Hoel seier det er uråd å vite korleis situasjonen for nynorsken ville ha vore utan tilnæringspolitikken.

– Stabilitet i skriftnorma er eit gode. Me skal likevel ikkje gløyme at det alltid har vore ei utfordring for nynorsken at grunnlaget for å lage ei rettskriving er eit så stort mangfald av dialektar.

## – Den største ulykka som har skjedd nynorsken

– Samnorsken var eit stort mistak og har svekt det nynorske kollektivet, meiner formann i Ivar Aasen-sambandet, Sergej Alexander Munkvold.

Ivar Aasen-sambandet er ein utbrytarorganisasjon frå Noregs Mållag. Sambandet vart oppretta i 1965 som ein reaksjon på at samnorskpolitikken hadde ført nynorsken nærare bokmål. Føremålet til sambandet er å fremje ei form for nynorsk upåverka av tilnæringspolitikken, omtrent slik Aasen skapte han.

### – Sa at nynorsken var gammaldags

Sergej Alexander Munkvold er fast overtydd om at samnorsken har prega nynorsken negativt.

– Byrjinga av 1900-talet var ei blømingstid for nynorsken med framvokster både i litteraturen og i skulekrinsane. Ein skulle tru at framtida var sikra, men i staden kom samnorsken og sa at nynorsken var gammaldags. ►

«Eg synest det er greitt å bruke eit språk der det ikkje er fleire former å velje mellom.»

SERGEJ ALEXANDER MUNKVOLD



Foto: Språkrådet

Nynorsken har tapt langt meir på samnorskprosjektet enn bokmålet har, meiner Munkvold.

– Då samnorsken kom, vart den unge nynorsken til eit språk som vart bygd ned i staden for bygd ut. Bokmålet på si side var allereie godt etablert. Det bidrog til at bokmålet vart det naturgjevne, medan nynorsken vart ein endelaus freistnad på å tilpasse bygdemålet etter den malen. Mange nynorskfolk såg at botnen i landsmålsprosjektet då ramla ut, og det bidrog til fråfall og motsetnader internt i målrørsla.

### Målrørsla har svekt kollektivet

Etter Munkvolds syn har tanken om at rettskrivinga skal reflektere eige talemål i eitt og alt, vore øydeleggjande og splittande for nynorsken.

– At eit språk gjev rom for å skrive dialektært, er eit argument for somme, ikkje for den store hopen. Skal eit språk overleve og ha presti-

sj, må det ha eit sterkt kollektiv. Målrørsla har bygd for lite opp under det nynorske kollektivet. Dialekt har alltid vore godt nok, og ein har heller ikkje utvikla noko nynorsk normaltalemål. Det har ført til at alle som skriv bokmål i dag, har noko som er større enn dei sjølve, og det har ikkje nynorskbrukarar i same grad.

Munkvold meiner Oddmund Løkenstøl Hoel tek feil når han seier at samnorskpolitikken har hatt liten påverknad på oppslutnaden om nynorsk.

– Den indre normeringa av nynorsk er ein svært viktig faktor for korleis nynorsken hevdar seg, noko anna meiner eg blir absurd. Politikk påverkar samfunnstilhøva, særleg politikk som har vore ført over eit halvt hundreår. Samnorskpolitikken er ikkje noko unnatak, og han har svekt det nynorske kollektivet på fleire måtar. Den klassiske nynorsken, med utgangspunkt i arbeidet til Aasen, har berre éin måte å skrive ord på og

markerer avstand til bokmål. Samnorskpolitikken har ført med seg ei rettskriving med mykje valfridom. Det gjer språket vanskelegare å lære, samtidig som immunforsvaret til nynorsk har blitt svekt ved at ein heile tida må gje etter for det mykje større og meir etablerte bokmålet når ein skal fastsetje rettskrivinga. Det kan til slutt føre til at folk spør seg kva som er vitsen.

Ivar Aasen-sambandet ser at kampen for at den klassiske nynorsken – såkalla høgnorsk – skal bli eit massespråk, er vanskeleg, og at det no er eit språk for dei spesielt interesserte. Munkvold er klar på kvifor han skriv høgnorsk i staden for dagens nynorsk.

– For oss er ikkje høgnorsk eit prosjekt, det er språket me faktisk brukar i kvardagen og når me sender SMS-ar i fylla. Eg synest det er veldig greitt å bruke eit språk der eg slepp å tenkje på kva form som stilistisk er rett, og der det ikkje er fleire former å velje mellom.

# Suksessreformen

*Aa* ble til *å*, og *kat* ble til *katt*. Med 1917-reformen skilte bokmålet for alvor lag med dansken.

AV STURLA BERG-OLSEN

**PÅ 1800-TALLET BLE VI** her i landet mer og mer opptatt av å markere forskjellen mellom morsmålet og dansk. Engasjementet økte gradvis fra midten av århundret og skjøt fart fram mot 1917, da mye av grunnlaget for dagens bokmål ble lagt.

## «Hverdagslige ting»

Et ledd i utviklinga av bokmålet fra dansk til norsk var en gradvis innføring av de ustemte konsonantene *p*, *t* og *k* der dansk har de stemte *b*, *d* og *g*. Allerede i 1893 åpna man for å skrive ustemte konsonanter, men da med måte. De kunne tillates «i navne paa hjemlige dyr, planter og frugter», som *gjøk*, *kraake*, *rype* og *nøtt*, og «i ord som mest forekommer i dagligtalen eller bruges om hverdagslige ting», som *skryte*, *sliten* og *spekesild* (jf. J. Aars' *Norske retskrivningsregler*, 1894).

I 1907 gikk man et steg videre og tok inn *p*, *t* og *k* i flere ord, i samsvar med uttalen i «dannet dagligtale». I mange tilfeller ble skrivemåten gjort valgfri: *eple/æble*, *haap/haab*, *bok/bog*. I noen tilfeller var nyansene hårfine: Man skulle skrive *sak* og *vite*, men *saglig*, *viden* og *videnskap* (jf. J. Aars og S.W. Hofgaards *Norske retskrivnings-regler*, 1907). Det skapte en del vansker for dem som ønska å følge den offisielle rettskrivinga. Etter 1907 ble da også *p*, *t* og *k* i praksis brukt enda mer enn det normen la opp til.

I 1917 ble de ustemte konsonantene sluppet fri. Mange valgfrie former med *b*, *d* og *g* gikk ut: *Pike* avløste *ige*, *begrep* ble *begreb*,

*svag* ble *svak*. Videre ble *p*, *t* og *k* valgfrie i en lang rekke ord: *dâp/dâb*, *sokn/sogn*, *likne/ligne*, *språk/sprog*. Dette var et steg i retning folkelig talemål, og også i retning landsmålet. Der det ble innført valgfrihet i 1917, har de ustemte konsonantene siden stort sett vunnet fram, med noen unntak, som *sogn*, *megle* og *ligne*.

## Dobbelkonsonant etter kort vokal

Landsmålet hadde stort sett dobbelkonsonant etter kort vokal, men denne regelen var i liten grad gjennomført i riksmålet rundt 1917. (*Riksmål* ble det mest brukte navnet på begynnelsen av 1900-tallet.) Der landsmål hadde *katt*, *takk* og *klegg*, skrev man etter 1907-normen fremdeles *kat*, *tak* og *kleg* på riksmålet.

Et uheldig trekk ved 1907-normen var at en del ord som i dansk ble atskilt ved ustemt og stemt konsonant (f.eks. substantivet *mad* og adjektivet *mat* 'matt'), falt sammen. I 1907-målet ble både substantivet og adjektivet skrevet på samme måte: *mat*. I 1917 retta man opp dette ved å innføre konsekvent dobbelskriving av konsonanter etter korte vokaler, og man fikk det mønsteret vi fortsatt har i dag: *mat* (substantivet) og *matt* (adjektivet).

Noen unntak fra regelen ble likevel stående i 1917. Landsmålet hadde ikke dobbel *m* i slutten av ord, og det ble heller ikke innført i riksmål. Videre unngikk riksmål og landsmål konsonantdobling i småord «som dels er ubøielige, dels i overveiende grad brukes uten



I 1917 ble *faarikaal* til *fårikål*, og substantivet *mat* og adjektivet *matt* (før *mat*) fikk ulik skrivemåte.

hovedtryk», som *den, han, min, hos* og *nok* – unntak som gjelder også i dag.

### Å for aa

Innføringa av *å* for *aa* i norsk rettskriving skjedde gradvis og over lang tid. Det første offisielle initiativet kom på det nordiske rettskrivingsmøtet i Stockholm i 1869, der det ble foreslått å bruke *å* i dansk-norsk. *Å* var allerede i bruk i svensk. Men *å*-en fikk ikke allmenn tilslutning, selv om forfattere som Ibsen og Bjørnson tok den i bruk.

I 1894 ble det åpna for å velge mellom *aa* og *å* i riksmål. I 1917 ble det anbefalt å skrive *å* i stedet for *aa* i både riksmål og landsmål, men først i 1938 ble det obligatorisk å skrive *å*. Da hadde *å*-en i praksis allerede slått gjennom i norsk. I lærebøkene ble den raskt tatt i bruk etter 1917, mens avisene en etter en gikk over fra *aa* til *å* utover i 1920-åra.

### Vellykka reform

Hundre år etter kan vi slå fast at begge skriftnormene våre fortsatt er prega av stor valgfrihet. I 1917 var det nok få som ville trodd noe slikt, for valgfriheten var tenkt som et steg på veien mot en enhetlig norm.


I dag er det ulike meninger om valgfriheten. Tilhengerne legger vekt på at den gir store deler av befolkninga mulighet til å skrive nokså talemålsnært uten å bevege seg utenfor den gjeldende normen.

I motsetning til 1938-reformen, som møtte stor folkelig motstand, ble 1917-reformen i hovedsak hilst velkommen. De fleste av de nye formene fra den gangen er fremdeles gjeldende rettskriving. 1917-reformen er slik sett et eksempel på en vellykka rettskrivingsreform.

---

Sturla Berg-Olsen er seniorrådgiver i Språkrådet.

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet.



Lillavelger. Illustrasjon: Egil Nyhus / Romerikes Blad

**lillavelger** «Lillavelgere» er betegnelsen på dem som vandrer mellom Ap og Høyre. Mellom rødt og blått. De har innsett at den politiske avstanden mellom de to hovedmotstanderne i norsk politikk i realiteten ikke er så stor. [...] Mange av disse velgerne mener [...] den beste løsningen for landet var om de to store samarbeidet i en lilla koalisjon for å demme opp mot ytterpartiene og isolere sentrum.

Romerikes Blad 4.3.2017

**burkabot** Fikk burkabot for å ha på seg haikostyme. [...] 1. oktober ble det innført maskeringsforbud i Østerrike. Loven krever at østerrikerne ansikter skal være synlig fra hårfestet til haken i det offentlige rom. Ifølge regjeringen skal loven, som på folkemunne blir kalt burkaforbudet, beskytte østerrikske verdier.

NRK Urix 10.10.2017

**emojokrati** Reflektert demokrati er erstattet med de innflytelsesrike sosiale medienes ureflekterte emojokrati, som jeg kaller det. [...] Det nye emojokratiet har kjempestor folkelig deltagelse, men er ikke konstruert for å være

ansvarlig og rettferdig, slik som henholdsvis politikken og rettssystemet. Emojokratiet blir styrt av følelsene uten å bli korrigert tilstrekkelig av fornuften.

Aftenposten 20.8.2017

**fylkesforvirring** Frykter fylkesforvirring for folk flest. Fylkespolitikkerne må gå sammen og lage regionpartier før fylkestingsvalget om to år. I stortingsvalget om fire år er det tilbake til valg i gamle fylker. – Uoversiktlig og ganske vanskelig å forstå, sier Gjermund Skaar fra Akershus SV, [en av] motstanderne av tvangs-sammenslåingen av Akershus, Buskerud og Østfold til et nytt storfylke eller region.

NRK Østlandssendingen 27.9.2017

**sperregrensebingo** Sperregrensebingo. [...] Det er ikke lenge siden vi kladdet på nekrologer over småpartiene. Da så det ut som Norge kunne ende opp med kun fire store partier på Stortinget. Nå er bildet snudd på hodet. Ifølge gjennomsnittsmålinger fra Poll of polls er det fem partier som slåss om å komme over sperregrensa, og samtlige kan avgjøre valget.

Adresseavisen 4.9.2017



Fatima Almanea Foto: Johan Arnt Nesgård / Trønder-Avisa

– **JEG ER ET RESULTAT** av Verdalssamfunnet, et human og elskverdig samfunn som respekterer mennesket og menneskets verdighet. Jeg er også stolt iraker, med et rikt, følsomt og lidenskapelig språk. – Kan det tenkes større kontraster enn arabisk og trøndersk? – Nei, og jeg ER den kontrasten! – Språk sier mye om hvordan vi er. Hvordan er trøndersk språk, sett ut fra en som kan det arabiske? – I det norske språket har du spissformuleringene og du har det fornuftige. Der inngår også nøkternheten. Men i det trønderske har du mye humor. Folk utenfor ler bare jeg åpner munnen.

*Fatima Almanea, intervjuet i Trønder-Avisa*

**SKAL EIN KUNNE** oppfylle det fjerde allmennkringkastingsprinsippet om å styrke norsk språk, identitet og kultur, kan ein ikkje konsekvent velje vekk den eine målforma på nett eller andre formidlingskanalar. Ein må nytte språka våre på alle plattformer. Det må regjeringa sikre at ein kommersiell allmennkringkastar gjer.

*Guro Kvalnes, i Sogn Avis*

**NÅR VI SETTER** søkelyset på norsk språk, er det ikke fordi vi mener at norsk er et mer verdifullt språk enn engelsk, hindi eller swahili. Det er fordi norsk er det språket Stortinget har satt oss til å forvalte, fordi det er viktig at alle som bor i det norske samfunnet, kan ha tilgang til det norske språket – som felles kulturobjekt, som bruksspråk og for svært mange også som uttrykk for identitet.

*språkdirektør Åse Wetås, på forskning.no*

**Å SKRIVE RADIKALT** bokmål kan for en uetablert forsker oppleves som å ta en sjanse. [...] – Jeg bruker a-ender konsekvent i avhandlingen. Det skyldes at jeg er fra Finnmark, og at a-endingene ligger nærmere mitt talespråk. [...] – Verken nynorsk eller bokmål gjenspeiler dialekten min fullt ut, og derfor er det viktig for meg å utnytte de mulighetene norsk rettskriving gir til likevel å bruke dialekten også i akademisk sammenheng, sier hun.

*Monica Bjerklund, intervjuet i Forskerforum*



Har du et spørsmål, kan du sende en e-post til [sporsmal@sprakradet.no](mailto:sporsmal@sprakradet.no).

**Spørsmål:** Kva er *blaffen* i uttrykket «å gi blaffen»? Er det blafring, jamfør «å blåse i noko»?

**Svar:** Det er truleg ei forkorting av «å gi blanke fa(nd)en», men det kan ikkje utelukast heilt at det kjem av substantivet *blaff*.

I *Bokmålsordboka* står det: «I *blaff* -en (trolig samme opphav som *ll blaff*) bare i uttrykket *gi blaffen i* 'ikke bry seg om, ta hensyn til'». I *blaff*, som det er vist til ovanfor, tyder mellom anna 'kort, svakt vindpust'. Eit *blaff* (i segl o.l.) peikar mot noko kortvarig og fåfengt, men det kan godt hende at du er nærare svaret når du peikar på blåsinga.

Vi finn ikkje noko skriftleg belegg på *gi blaffen* frå før 1936. Men vi finn hundrevis av «gi blanke blaffen» (frå 1940). Det tyder på at *gi blaffen* er ein evfemistisk (forskjøn-nande) kortvariant av *gi blanke fa(nd)en*. At belegget frå 1936 er frå ei bok med undertitelen «fortelling for unge piker», svekkjer i alle fall ikkje hypotesen om at dette er såkalla nestenbanning, som òg har vore kalla kvinnefolkbanenskap.

Uttrykket er særnorsk og har truleg rot i Oslo.

**Spørsmål:** Er *tolking* 'det å tolke', altså selve tolkeprosessen, mens *tolkning* er produktet eller resultatet av tolkingen?

**Svar:** Ifølge *Bokmålsordboka* er det ikke noe klart betydningsskille mellom *tolkning* og *tolking*. Det er altså ikke som med paret

*bygging/bygning*, som er et skoleeksempel på det skillet du nevner.

Det er fullt mulig å bruke *tolking* om handlingen (det rene verbalsubstantivet) og *tolkning* om resultatet, hvis man ønsker det. Det er et mønster som gjelder for mange liknende ordpar. Men det er nok ikke lett å skille konsekvent mellom formene i praksis, og grunnlaget for det er diskutabelt.

Mange vil gjerne skille på grunnlag av fagområde også, for eksempel mellom *dikt-tolkning* med -n- og *døvetolking* uten. Det logiske grunnlaget for dette er tynt, men det speiler et språkhistorisk mønster: Det ordet som viser til det mest praktiske og direkte, har oftere den særnorske formen (-ing), mens det som viser til «finere» og mer abstrakte ting og sysler, har en form fra skriftfelleskapet med dansk (her: -ning brukt i vanlig verbalsubstantivisk betydning).

En annen måte å gjøre tolking «finere» på, er å legge *for-* til *tolkning*, for eksempel *bibelfortolkning* (= bibeltolking).

Det er ikke obligatorisk å rette seg etter tendensene til mønstre som er omtalt ovenfor. Man kan godt velge den formen som faller mest naturlig, og holde seg til den.

**Spørsmål:** Kan ein seie ein forelder, eller er dette berre eit fleirtalsord?

**Svar:** Ein kan seie og skrive *ein forelder* dersom til dømes «ein av foreldra» eller «ei mor eller ein far» fell tungt. Forma *forelder* er nokså ny. Språkrådet vedtok henne i 1974, noko inspirert av at svenskane hadde

teke i bruk *en förälder*. Det tok tid før denne eintalsforma vart innarbeidd i norsk.

**Spørsmål:** Er *dobbeltmoralisme* et norsk ord? Jeg vet hva *dobbeltmoral* og *moralisme* er, men *dobbeltmoralisme* gir ikke god mening.

**Svar:** *Dobbeltmoralisme* er nok helst en sammenblanding av *dobbeltmoral* og *moralisme*. Slik står ordene i *Bokmålsordboka*:

*dobbeltmoral* vaklende moral; det å praktisere én moral og dosere en annen, strengere  
*moralisere* ofte nedsettende: preke moral, gi formaninger  
*moralisme* det å legge stor vekt på moral  
*moralist* person som legger stor vekt på moral; person som moraliserer  
*moralistisk* som er preget av moralisme

I betydningen *dobbeltmoral* er det unødig kompliserende å bruke ordet *dobbeltmoralisme*. Dersom man måtte sikte til en spesiell form for moralisering på flere nivåer, er det mulig at ordet likevel kan gi mening. Men dét er ikke den vanlige bruken av ordet.

**Spørsmål:** Eg arbeider i Forsvaret, der ordet *rasjonale* i den seinare tid er vorte litt av eit moteord. Trengst det i norsk, eller er det berre jåleri?

**Svar:** Den kraftige oppblomstringa av uttrykket frå og med nittiåra kan tyde på at det ofte blir brukt utan at det er heilt naudsynt, for sjølve omgrepet bak er ikkje det minste nytt. Når «rasjonalet bak» berre tyder

«grunnen til», «grunnlaget for», «grunngevinga for» eller «tanken bak», ser vi ingen grunn til å bruke noko anna enn dei tradisjonelle uttrykka.

Men i den mon ordet *rasjonale* måtte vere naudsynt i fagspråket for å få fram finare filosofiske nyansar, bør det òg brukast der. Vi trur likevel ein kjem langt med *fornuftsgrunnlag* attåt dei ovannemnde synonyma.

I *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner* står ordet oppført slik: «rasjonale (et rasjonale – flere rasjonaler) 'tilgrunnliggende begrepsapparat; samlede prinsipper; fornuftsgrunnlag' [eng.; substantivering av lat. adv. *rationale*, sm. ord som *rasjonal*]».

I skandinaviske ordbøker frå engelsk står ordet forklart om lag slik: «logisk begrunnelse, fornuftsgrunnlag; resonnerende forklaring, resonnerende framstilling, gjennomtenkt framlegging».

**Spørsmål:** Kan ein skriva 10000, eller må det vera 10 000 med mellomrom? Er det ulike reglar for tekst og formlar?

**Svar:** Det normale er 10 000, anten det er i løpande tekst eller i matematiske oppstillingar. Det finst eitt unntak, og det er i visse rekneark og liknande der maskina ikkje kan rekna rett dersom talet står med mellomrom.

Ved firesifra tal er det valfritt med mellomrom: 1000 eller 1 000. Merk at ein ikkje skal bruka punktum, og at ein bør bruka det som på menyen gjerne heiter «hardt mellomrom», så ikkje nullane dett åleine ned på neste line.

# Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrke det norske språket og språkmangfoldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følger opp den norske språkpolitikken på oppdrag fra Kulturdepartementet.

Dette gjør Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlige og private aktører om språkpolitiske tiltak, blant annet om klarspråk i det offentlige og i næringslivet; fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norsk-språklig teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringen skal bygge på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med målloven og gir råd om stedsnavn.
- Språkrådet gir råd og formidler kunnskap om språk, språkbruk og språkarbeid. Rådgivning på nett, nettorbøker, kurs, seminarer og publikasjoner er viktige verktøy i dette arbeidet. Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Språkrådet fremmer norsk tegnspråk og de nasjonale minoritets-språkene kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbrukergruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjoner i andre land, blant annet om å sikre nabospråkforståelse i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for fremragende bruk av norsk i sakprosa og andre priser og stipend. Vi arrangerer den årlige Språkdagen for å sette søkelys på språk og språkbruk i samfunnet.

Hovedmålene for Språkrådets arbeid

- Styrke norsk språks status og bruk på utsatte samfunnsområder
- Fremme norsk som et godt og velfungerende kultur- og bruksspråk
- Ivareta det språklige mangfoldet og språkbrukernes interesser

Direktøren leder Språkrådets sekretariat, som blant annet har tre språkfaglige seksjoner. Styret i Språkrådet er utnevnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har tre fagråd med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet.

[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)  
[facebook.com/Spraakradet.NO](https://facebook.com/Spraakradet.NO)  
[twitter.com/spraakradet](https://twitter.com/spraakradet)

## Språkrådet

Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLIG REDAKTØR:  
Åse Wetås

KOMMUNIKASJONSSJEF:  
Anne Kirkhusmo

REDAKTØR:  
Erlend Lønnum  
[erlend.lonnum@spraakradet.no](mailto:erlend.lonnum@spraakradet.no)

JOURNALISTER:  
Astrid Marie Grov  
[astrid.marie.grov@spraakradet.no](mailto:astrid.marie.grov@spraakradet.no)

Lars Ivar Nordal  
[lars.ivar.nordal@spraakradet.no](mailto:lars.ivar.nordal@spraakradet.no)

ABONNEMENT OG  
ADRESSEENDRING:  
[bestilling@spraakradet.no](mailto:bestilling@spraakradet.no)

Signerte artikler fra  
eksterne skribenter står  
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når  
kilden er oppgitt.

OPPLAG: 10 800

Tekstene i dette nummeret  
fins også på internett:  
[www.spraakradet.no/spraknytt](http://www.spraakradet.no/spraknytt)



Fire nummer i året  
Redaksjonen avsluttet  
27.10.2017

LAYOUT: Beate Syversen  
[beate@b-7.no](mailto:beate@b-7.no)  
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Forsideillustrasjon:  
Foto: Signe Fuglesteg Luksengard

Baksideillustrasjon:  
[mphilips007 / iStockphoto](https://iStockphoto.com/author/mphillips007)



Returadresse:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

## HISTORIA BAK

# Ølet, ølen og øllet

*Ølet* er det tradisjonsriktige i norsk, men vi kan også skrive *ølen* om en porsjon med øl. *Øllet* og *øllen* holder vi fra livet.

*Øl* har alltid vært et intetkjønnsord. Man har brygget *ølet* – ikke *ølen* – og drukket det. *Ølet* er både drikken *øl*, sorten og brygget (et *øl*).

Likevel: Der målet er neste glass eller flaske, hører man gjerne «En øl til!». Etterpå kan det hete at «det var *en god øl*», men det er aldri feil å si «*godt øl*», tvert imot – hvis det ikke var vondt, da.

Denne måten å omtale øl på kan minne om «en barn» for «en barnebillett». Det fungerer som en kortvariant av «en flaske øl» eller «et glass øl», altså en porsjon. Merk at flere *øll(er)* er mindre vanlig, så noe typisk hankjønnsord er det ikke. Mange steder heter det «ei øl», jamfør «ei flaske øl».

Mange, ikke minst i Oslo-området, sier både */øll/* og */smørr/* med kort vokal, og slik uttale er nok på frammarsj. Flere frustrerte språkbrukere med et ellers skriftnært talemål har spurt oss hvorfor de bare kan skrive én l.

Nå har vi alltid skrevet en del småord som */till/* og */vell/* med én l. Men historien bak *ølet* er litt annerledes. Dansk hadde skrivemåten *øl*, riktignok med kort vokaluttale og bestemt form *øllet* (jf. et *hul* – *hullet*). I overgangen fra dansk-norsk til riksmål lot man rett og slett være å endre skrivemåten, for landsmålet hadde også *øl* med én l!

Vi får bare skåle for den manglende forskjellen mellom språkene og målformene.

